

# MØTEBOK – TITTELARK

## FELLESRÅDSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
05.04..2017

---

**Tilstades på møtet:**

- **Medlemer:** Anita Bakke, Anny Bertelsen, Britt Leikvoll Ystebø, Kine Lerøy, Helge Dyrkolbotn, Arne Lerøy, Per Børge Hillestad

**Varamedlemer:** Inger Synnevåg, Einar Austrheim, Kjell Dahle

**Kommunal representant:** Anne Dahle Austrheim

**Andre:**

Kyrkjeverje Leif Arne Økland

**Desse hadde meldt forfall:** Svein Tomas Villanger, Bjørn Helge Olsen, Jusu Gylfan, Sylvelin Strømmen Fonnes. Henrik Nielsen kunne ikkje stilla som vararepresentant.

**Desse møtte ikkje:**

**Saker til førehaving:**

Fellesrådssaker: F- 06/17 – F – 11 /17

**Til møtet var medlemer og varamedlemer skriftleg innkalla.**

**Underskrift:**

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 06/17 GODKJENNING AV SAKSLISTE OG INNKALLING

**Vedtak:**

*Sakslista vart godkjent utan merknader.*

F– 07/17 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 09.02.2017

**Vedtak:**

*Møteboka frå 09.02. vart godkjent utan merknader*

F – 08/17 FRAML legg TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK:

**Vedtak:**

*Britt Leikvoll Ystebø og Anny Bertelsen.*

F – 09/17 ORIENTERINGSSAKER

- a. Orientering om fjerning av trea på kyrkjegarden. På oppfordring frå soknerådet vart det tilrådd å innhenta pristilbod frå ein aktør til, i tillegg til OP skog. Det vart tatt kontakt med Lerøy Skog, som leverte eit tilbod som var 5000 kroner rimelegare enn OP –skog. Lerøy Skog fekk tilslaget. Arbeidet er no vel utført. Kyrkjevevja har no starta ein prosess med å få til stubbfresing, i første omgang på kyrkjegarden på Austrheim. Det har vore tatt opp i stab og i AU at ein av tilbydarane til arbeidet med stubbfresing er son til kyrkjevevja.
- b. Orientering om val av tilbydar til utbetring av toalettanlegget.
- c. Oppjustering av stillingsprosent.
- d. Orientering om mogeleg endring av annan stilling.

F – 10/17 REKNESKAP FOR 2016 - GODKJENNING

**Franlegg til vedtak:**

*Overskot/mindreforbruk på driftsrekneskapen for 2016 på kr 263.221,85 vert overført til ubunde driftsfond.*

*Udisponert beløp på investeringsfondet på kr 103.525,20 for 2016 vert overført til ubunde investeringsfond.*

*Rekneskapen for 2016, er med dette godkjent.*

**Vedtak:**

*Overskot/mindreforbruk på driftsrekneskapen for 2016 på kr 263.221,85 vert overført til ubunde driftsfond.*

*Udisponert beløp på investeringsfondet på kr 103.525,20 for 2016 vert overført til ubunde investeringsfond.*

*Rekneskapen for 2016, er med dette godkjent.*

Rekneskapen for 2016 er no ferdig og sendt til revisjon. Sjølv om rekneskapen endå ikkje er ferdig revidert, er likevel tala avstemt og rapportar vidaresendt til

SSB. Det er såleis eit tilstrekkeleg grunnlag for soknerådet å kunna fatta vedtak om godkjenning av rekneskapen.

Driftsrekneskapen for 2016 syner eit mindreforbruk på kr 263.221,85.

Investeringsrekneskapen for 2016 viser eit udisponert beløp på kr 103,525,20.

F – 11/17 JUSTERING AV SENIORPOLITISKE RETNINGSLINJER – OPPSEIING AV GJELDANDE AVTALE.

**Framlegg til vedtak:**

*Austrheim sokneråd vedtar nye og justerte seniorpolitiske retningslinjer for tilsette i Austrheim sokn.*

*Gjeldande seniorpolitiske retningslinjer går ut 30.juni 2017. Dei nye retningslinjene er gjeldande frå og med 01.07.2017.*

**Vedtak:**

*Austrheim sokneråd vedtar nye og justerte seniorpolitiske retningslinjer for tilsette i Austrheim sokn.*

*Gjeldande seniorpolitiske retningslinjer går ut 30.juni 2017. Dei nye retningslinjene er gjeldande frå og med 01.07.2017.*

Gjeldande seniorpolitiske retningslinjer for Austrheim sokn, vart vedtatt i sak F – 23/13, 5.juni 2013. Bakgrunnen då handla om å få på plass retningslinjer, sidan det ikkje var slike frå før av. Vidare hadde ein eit ønskje om at desse retningslinjene skulle likna på kommunen sine, blant anna fordi ein i staben har arbeidstakarar som både er tilsett i kommunen og i soknet.

Austrheim kommune har nyleg justert sine seniorpolitiske retningslinjer. Det er såleis eit behov for å få gjort justeringar i soknet sine gjeldande retningslinjer, slik at dei så langt som mogeleg kan følgja kommunen sine.

Dei viktigaste endringane kommunen har gjort – og som også vert avspegla i soknet sine nye retningslinjer – er følgjande:

- Alderstillegget på kr 7.000 frå fylte 60 år går ut. Nytt punkt er at det vert innført eit kronetillegg pr år frå og med den kalendarmånaden ein har fylt 62 år. Maksimalt utgjer dette tillegget for tida kr 10.000 pr år ved 100 % stilling. Tillegget vert utmålt i forhold til stillingsprosent.
- Punkt om seniorseminar/dialogkonferanse det året ein fyller 60 år, går ut og vert erstatta med eit høve til å delta på tilsvarande seniorseminar som tilsette i kommunen får tilbod om. Soknet betalar for eit slikt seminar.
- Milepælsamtale for arbeidstakarar over 55 år skal gjennomførast, med fokus på oppgåveløysing framover. Kyrkjevevja er ansvarleg for desse samtalane.
- Det tidlegare tilretteleggingstiltaket for arbeidstakarar eldre enn 62 år som ikkje tek ut AFP, går ut. Dette vert erstatta av ei ordning med fridagar for arbeidstakarar mellom 62 og 67 år som ikkje tek ut AFP.

Tal på fridagar står i samanheng med stillingsstorleik. Fridagar skal avtalast skriftleg med kyrkjevevja.

Saka har vore drøfta i administrasjonsutvalet. Det er sendt melding til fagforeiningane (MUFO og Fagforbundet) om innhaldet i den nye avtalen og om opphøyr av den eksisterande avtalen. Det er ikkje kome tilbakemeldingar frå fagforeiningane på endringane.

## **Seniorpolitikk for Austrheim sokn**

### **MÅL**

Seniorpolitikk skal vera med å sikra at Austrheim sokn som arbeidsgjevar nyttar tilsette sin kompetanse best mogeleg, og beheld seniormedarbeidarar lengst mogeleg i aktiv teneste.

Grunnlag for all seniorpolitikk er ei haldning om at vaksne arbeidstakarar representerer verdifulle ressursar vi som arbeidsgjevar treng.

### **Definisjon seniorpolitikk**

Med seniorpolitikk meiner ein å leggja til rette, utvikla og bruka eldre tilsette sine kunnskar, ferdigheiter og arbeidsevne.

Seniorpolitikk er også å tilretteleggja for ein teneleg og verdig avslutning av arbeidslivet for den einskilde.

### **Kven er seniorarbeidaren ?**

Senior er definisjon på tilsette med lang "fartstid" og mykje erfaring frå liv og yrkesliv. Å vera senior er ikkje det same som å vera gamal. I Austrheim sokn reknar ein seniorarbeidar frå fylte 55 år.

### **Seniorpolitiske tiltak**

#### **Haldningar**

Leiaren skal vera bevisst på den kompetansen lang yrkeserfaring gjer til å sjå arbeidsoppgåvene i ein større samanheng. Eigenskapar som ferdigheiter og kjennskap til soknet sitt arbeid skal anerkjennast slik at den tilsette sjølv kan auka si forståing av at ein har ei viktig rolle i organisasjonen.

Det må stimulerast til å bruka/synleggjere denne kompetansen.

#### **Godt arbeidsmiljø**

Godt arbeidsmiljø, støtte og anerkjenning frå leiar og kollegar er viktige faktorar for å førebyggja utbrentheit og tap av arbeidsglede.

#### **Lønstillegg**

For arbeidstakarar som ynskjer å halda fram i jobben etter fylte 62 år vert det gjeve eit kronetillegg pr. år f.o.m. kalendermånaden den tilsette har fylt 62 år. Storleiken på tillegget skal samsvara med kommunen sitt tillegg.

Det er eit tillegg på årsløna og vert utbetalt etter stillingsstorleiken.  
( pr. 09.05.2016 kr. 10.000)

### **Seniorseminar**

Kommunen tilbyr seniorseminar i samarbeid med KLP for arbeidstakarar som fyller 60 år. Dette seminaret vil også vera eit tilbod til soknet sine tilsette. Soknet betalar utgiftene for dette.

### **Milepælsamtale**

I denne samtalen skal arbeidstakar som har fylt 55 år leggja vekt på å klargjere den tilsette sin behov sett opp mot soknet sine behov for oppgåveløysing i framtida. Med bakgrunn i desse samtalanane skal det lagast ein plan for det vidare arbeidslivet i soknet. Kyrkjeverja er ansvarleg for å gjennomføra desse samtalanane.

### **Jobbrotasjon**

Jobbrotasjon er eit vanskelig tiltak i ei så lite arbeidsområdet soknet har ansvar for. Vil difor ikkje vere mogeleg å gjennomføra.

### **Samanhengande ferie**

Dersom det let seg gjennomføra i praksis skal det leggjast til rette for at arbeidstakaren kan ta ut 4 veker samanhengande ferie frå fylte 55 år, dersom den tilsette ynskjer det.

### **Tilretteleggingstiltak**

Dersom arbeidstakar ynskjer det skal det så langt det let seg gjera arbeidast for tilrettelegging av arbeidet slik at den tilsette kan halda fram i jobben lengst mogeleg. Enkelte vil bruka lengre tid på ein del arbeidsoppgåver, og det må det vera forståing for hos arbeidsgjevar for dette. Arbeidet må tilpassast den tilsette og arbeidsplassen for å ha ei forsvarleg drift.

### **Høve for ekstra fridagar frå og med fylte 62 – 67 år:**

Frå fylte 62 år har arbeidstakar som ikkje tek ut AFP, rett til å ta ut ekstra fridagar. Vilkåret er at det vert utarbeidd skriftleg avtale mellom kyrkjeverja og arbeidstakar. Om dette er aktuelt for kyrkjeverjestillinga, vert det utarbeidd ein skriftleg avtale mellom kyrkjeverja og leiar for soknerådet. Denne ordninga erstattar ei tidlegare ordning med tilretteleggingstilskot tilsvarande årleg verdi på inntil 10.000 kroner.

<b>Stillingsprosent</b>	<b>Dagar fri</b>
1% - 25% stilling	1 dag fri kvart år
26% - 50% stilling	2 dagar fri kvart år
51% - 75% stilling	3 dagar fri kvart år
76% - 100% stilling	4 dagar fri kvart år

Leiar skal i samarbeid med den tilsette planleggje og bli samde om korleis fridagane skal takast ut. Arbeidsgjevar har styringsrett på desse dagane, så fritida må tilpassast drifta og leiar har siste ord når det gjeld plassering av fridagane.

For turnusarbeidarar: Dagane bør takast ut på dagtid mellom måndag og fredag.

Planlagt fridag som treff på ein dag ein blir sjuk på vert sett på som avvikla.

Fridagar kan ikkje overførast til neste avtaleperiode dersom ein ikkje har teke dei ut.

Avtaleperioden går frå gebursdagsdator til gebursdagsdato.

### **Sluttvederlag /Bonus ved fylte 63, 64, 65, 66, 67 år**

Ordninga med sluttvederlag har gått ut med verknad frå 01.07.2017.

(Austrheim sokn har etter 01.07.2017 ingen tilsette mellom 62 – 67 år. Det er såleis ikkje aktuelt å innføra overgangsordningar, men gå rett på dei nye retningslinjene som kommunen allereie har vedtatt).

### **Kurset ”Førebuing til pensjonsalder”**

Austrheim sokn inngår ein avtale med kommunen om at soknet sine tilsette kan få delta på dette kurstilbodet for dei som har fylt/fyller 60 år. Soknet skal betale for sine tilsette på kurset.

Målsetjinga for kurset er å gje deltakarane forståing og kunnskap om reglar og rettar som knyter seg til pensjonsalderen.

### **Organisering og finansiering**

Retningslinene for seniorpolitikk blir vedteken i soknerådet etter framlegg frå administrasjonsutvalet. Tilsette og deira tillitsvalte skal uttala seg om saka før den går til soknerådet. Kyrkjeverje har delegert mynde og ansvar for å setje seniorpolitikken ut i livet.

Kostnadane til seniortiltaka må finansierast over soknerådet sitt budsjett og må til ei kvar tid takast med i budsjetthandsaminga.

### **Sentrale avtalar**

Dersom det sentralt vert inngått avtalar som på eitt eller fleire av punkta gjev betre utteljing av desse punkta, skal dei sentrale avtalane gjelde.

### **Verknad for avtalen**

Ordninga trer i kraft frå 01.07.2017. Retningslinene skal evaluerast etter 1 år – dei skal også jamleg samordnast med kommunen sine.

Dersom soknet vert samanslått med andre sokn/fellestråd skal det forhandlast på nytt om nye senioravtalar. Ingen skal tapa dei opparbeidde rettighetene ein har. Tilsette skal få sine opparbeidde rettigheitar/midlar utløyst.

# AUSTRHEIM SOKNERÅD

## MØTEBOK – TITTELARK

### SOKNERÅDSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
05.04.17

---

**Tilstades på møtet:**

**Medlemmer:**

Anita Bakke, Anny Bertelsen, Helge Dyrkolbotn, Arne Lerøy, Britt Leikvoll Ystebø, Kine Lerøy og sokneprest Per Børge Hillestad.

**Varamedlemmer:** Inger Synnevåg, Einar Austrheim, Kjell Dahle

**Andre:**

Kyrkjeverje Leif Arne Økland

**Desse hadde meldt forfall:** Svein Tomas Villanger, Bjørn Helge Olsen, Sylvelin Strømmen Fønnes. Henrik Nielsen kunne ikkje stilla som vararepresentant..

**Desse møtte ikkje:** Kine Lerøy.

**Saker til førehaving:**

Soknerådsaker: S – 07/17 – S – 10/17.

**Til møtet var medlemmer og varamedlemmer skriftleg innkalla.**

**Underskrift:**

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S- 07/17 GODKJENNING AV SAKSLISTE OG INNKALLING

**Vedtak:**

*Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader*

S- 08/17 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 09.02.17

**Vedtak:**

*Møteboka frå 09.02.17 vart godkjent utan merknader.*

S- 09/17 ORIENTERINGSSAKER

- a) Orientering om årsmøte og medarbeidarfest 4.mai.
- b) Orientering om gjevartenesta så langt.  
(Kommentar: *Midlane som kjem inn må sikrast ved at kontoen dei kjem inn på vert definert som ein bunden konto.*)
- c) Orientering om gudstenesta 25.mai (Kristi Himmelfartsdag). (Kommentar: *Vi skal ha barbeque etter gudstenesta og ønskjer å leggja opp til ein del underhaldande innslag her.*)
- d) Påminning om ordinasjonsgudstenesta 25.juni. (Kommentar: *Gudstenesta vert eit samarbeid med prost, ordinand og biskop. Sokneråd og stab vert involvert i festsamværet etterpå. Det vert danna ein festkomite, med blant andre Anne D Austrheim, Gunn H Dyrkolbotn, m.fl.*)

***Oppsett soknerådsmøte 27.april går ut!***

S – 10/17 OM KYRKJELYDSUTVIKLING OG VIDARE STRATEGIARBEID

**Framlegg til vedtak:**

*Saka vert lagt fram til drøfting, utan framlegg til vedtak.*

**Vedtak:**

*Soknerådet ber sokneprest og kyrkjevevjerje i fellesskap arbeida ut ein framdriftsplan for vidare arbeid med strategi og merkevarebygging for Austrheimkyrkja.*

*Framdriftsplanen skal leggjast fram for soknerådet.*

Soknerådet gjorde i januar 2015 eit vedtak om visjon/motto for kyrkjelyden: «*Austrheimkyrkja – tru fellesskap og deltaking.*» Mottoet kom som ei oppsummering av MF – prosjektet om kyrkjelydsutvikling.

Tysdag 28.mars i år var vi samla ei gruppe på kyrkjelydshuset, av folk som hadde vore engasjert i komiteen for kyrkjelydsutvikling, samt dei som er medlemmar av temakveldkomiteen.

Rapporten frå arbeidet med kyrkjelydsutvikling og soknerådet si oppsummering av denne peikar på fleire konkrete vegval. Ein fellesnemnar er vektlegging av gudstenesta og ei bevisstgjerjing av alt frå korleis kyrkjevertane møter dei som kjem, korleis få songen til å skapa fellesskap, korleis involvera fleire grupper til å medvirka i gudstenesta, korleis fungerer kyrkjekaffien i møte med folk, og at det er behov for eit gudstenesteutval.



Andre konkrete ting har også vore nemnt, er moglege behov for mindre fellesskap, temakveldar, sosiale samlingar, småbarnstreff, osv..

I sist møte i soknerådet vart det gjeve grønt lys for at det er viktigare å prioritera arbeidet blant barn og unge framfor vaksne. Dette er eit viktig strategival som må bevisstgjerast og kanskje synleggjerast.

Kan vi byggja vidare på visjonsarbeidet som kom i etterkant av kyrkjeutviklingsprosjektet?

Er det behov for å arbeida bevisst med å byggja merkevara «Austrheimkyrkja»? Og i så fall – korleis skapa ei slik merkevare som vil vera gjenkjenneleg for alle?

Er det i så fall behov for å gjera nye grep i strategiarbeidet og korleis skal dette gjerast?

**Følgjande poeng kom fram i møtet:**

*Det er behov for å jobba meir med formuleringane som kom fram i etterkant av prosjektet med kyrkjelydsbygging.*

*Strategiarbeidet bør vera breiare fundert og involvera fleire enn soknerådet.*

*Det kan vera aktuelt å knytta til seg profesjonelle ressursar for å driva denne prosessen.*

*Soknerådet ønskjer ein framdriftsplan på korleis denne prosessen kan gjennomførast, samt å få kjennskap til kva for erfaringar ein har med tilsvarande prosessar i andre kyrkjelydar.*